

## NÆRINGSKONTORET - LANDBRUK

### Kven er me:

- Thor Christiansen, landbruksrådgjevar  
Tlf: 35 06 23 89  
E-post: [thor.christiansen@vinje.kommune](mailto:thor.christiansen@vinje.kommune)  
Ansvar: lovsaker, BU- og SMIL-midlar, kommunal tilskotsordning
- Lasse Mathisen, landbruksrettleiar  
Tlf: 35 06 23 85  
E-post: [lasse.mathisen@vinje.kommune.no](mailto:lasse.mathisen@vinje.kommune.no)  
Ansvar: lovsaker skog/vilt, viltforvaltning, Berunuten
- Aslaug Dale, konsulent  
Tlf: 35 06 23 83  
E-post: [aslaug.dale@vinje.kommune.no](mailto:aslaug.dale@vinje.kommune.no)  
Ansvar: tilskottssaker, avløser, landbruksvikar
- Joachim Skogsrod, driftsplanleggar for Vest-Telemark  
Tlf: 47 71 09 70  
E-post: [joachim.skogsrod@vinje.kommune.no](mailto:joachim.skogsrod@vinje.kommune.no)  
Ansvar: driftsplanlegging, rådgjeving v/utbygging
- Jan Rune Mandt, landbruksvikar  
Tlf: 91 72 29 06

Minner om at Norsk Landbruksrådgjeving Østafjells leiger kontor hos oss. Ellen Volhovd er å treffe på tlf. 35076299 / 97037975 – epost: [ellen.tove.volhovd@lfr.no](mailto:ellen.tove.volhovd@lfr.no)

### Plan- og miljøutval (fram til valet):

Politisk organ med hovudansvar for plan- og miljøsaker, samt landbruk –vilt - og fiskeforvaltninga i kommunen.

- Ole Kristian Nyhus, leiar
- Ingerid Hayes, nestleiar

### AKTUELT

- **Landbruksvikar:** Jan Rune Mandt jobber i 2/3 stilling, og har fri siste uka i kvar månad. Avløysarlaget har og for tida tre landbruksvikarar som dekkjer Vinje. Tlf. avløysarlag v/ Valborg Lindgren: 35 94 38 49 – 99 45 74 16. E-post: [Valborg.Lindgren@n-lt.no](mailto:Valborg.Lindgren@n-lt.no)
- **Gardskart:** Tilbakemeldingar på gardskart er i stor grad retta, og nye gardskart og nytt jordregister blir tilgjengelege i løpet av juni. **Desse arealtala skal nå nyttas ved søknad om produksjonstilskot.** Kommunen har ansvar for vidare vedlikehald av gardskartet, så de må fortsette å melde i frå om avvik.

- **Landbruksplast:** Vi har ennå ikkje lykkast med å finne ein transportør som kan ta på seg ein meir kontinuerleg innsamling av plast, men vi har ikkje gjeve opp. I vår blir platen henta 16 juni – sjå lysing i avisa/heimesida.
- **Skogplanting:** Frå staten sin side er det no sett auka fokus på oppfølging av forynging etter hogst. Jfr. forskrift om berekraftig skogbruk skal skogeigar sikre tilfredsstillande forynging innan tre år etter hogst. Kommunen har ansvaret med å følgje opp dette, og ein oppmodar skogeigarane med dette om å sjå etter i eigen skog.

### KOMMUNALE TILSKOT

Reglane gjeld etter vedtak i kommunestyret 28.02.2008 Tilskotsramme 2011: kr 1 500 000,-

**Generelle krav:** Eigar eller brukar av landbrukseigedom, medrekna utmarkseigedom, kan søkje om tilskot etter regelverket. Det same gjeld fellestiltak innan landbruket. Investeringsaker skal godkjennast på førehand. Kommunen set krav til arbeidsfrist, dokumentasjon av kostnader og vidare drift. Søknadar vert handsama fortløpande.

- **Sauehald:** t.d. nybygg, tilbygg, oppgradering etter krav frå det offentlege, tilskot inntil 20% av kostnad, maks kr 600 000,-
- **Geitehald:** t.d. nybygg, tilbygg, oppgradering etter krav frå det offentlege, stølsfjøs, veg, vatn og straumforsyning, tilskot inntil 20 % av kostnad, maks kr 600 00,-
- **Storfehald:** t.d. nybygg, tilbygg, oppgradering etter krav frå det offentlege, tilskot 20 % av kostnad, maks kr 600 000,-
- **Grøfting:** inntil 30 %, maks kr 40,- pr. meter
- **Kjøp av mjølkevote:** 50 % av statleg pris
- **Oppgradering dyrka mark:** inntil 30%, maks kr. 1200,- pr. da.
- **Jakt/fiske:** tiltak for å betre utnytting av ressursane, t.d. bygging av storruser, foredlingsanlegg, tilskot inntil 20 % av kostnad, maks kr 100 000,-


- **Skiping av grunneigarlag/utmarkslag:** kan støttast med tilskot 20 %, maks kr 5 000,-
- **Nye produksjonar:** kan støttast med tilskot inntil 20 %, maks kr 100 000,-
- **Ekstra grovførtilskot til veglause bruk på Møsstrand:** kr 100,- pr. da, for føretak som mottek produksjonstilskot i jordbruket.

**Plan- og miljøutvalet kan gjere vedtak i saker som gjeld unntak frå regelverket, td. nydyrking.**

### BRUKSUTBYGGING

Joachim Skogsrod sin 3-årige prosjektstilling som driftsplanleggar går ut i august. Vi arbeider for å sjå om det er mogleg å halde fram med eit liknande tilbud. Har de planer og idear for utnytting av garden så ta kontakt. Vi har og tilgang til teknisk teiknar. Minner om gode kommunale tilskotsordningar, samt BU- finansieringa. Det er stor etterspurnad etter tilskot. Gardbrukarar i Vinje reiste med over 12 % av BU-tilskotet i 2010 for Telemark – som nr. 3 i fylket.

Figuren viser korleis investeringar, kommunale og statlege tilskot til utbygging i landbruket i Vinje har utvikla seg dei siste fire åra.



## ERSTATNING VED AVLINGSSKADE

Det er krav til meldeplikt om ein vil søkje om erstatning ved avlingsskade. Så fort det vert oppdaga reduserte avlingar av eit vist omfang ( meir enn 30% reduksjon) skal kommunen kontaktas for feltkontroll.

## BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR

### Tilskotstypar

- Etablerarstipend
- Bedriftsutviklingstilskot
- Investeringsstilskot og rentestøtte
- Lån til utbygging og kjøp av eigedom
- Tilskot ved generasjonsskifte
- Praktikantordninga
- Utrednings- og tilretteleggingstiltak

Kontakt: Vinje kommune eller Innovasjon Norge,  
tlf: 35 58 86 60 / [www.invanor.no](http://www.invanor.no)

## NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET (NMSK)

Formålet er auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiane vert ivaretekne og vidareutvikla. Tilskot kan gjevast til alle med meir enn 10 daa produktiv skog.

### Desse tiltaka er prioriterte:

- Skogplanting (gjeld både til kjøp og utplanting), tilskot inntil 30 % av kostnad.
- Ungskogpleie, tilskot inntil 30 % av kostnad
- Miljøtiltak i skog

**Søknadsfrist NMSK: Fortløpande handsaming.**  
Tilskotsramme (NMSK), kr 352 000,-

## SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som vert forventa gjennom vanleg jordbruksdrift.

Prosjekta vert prioriterte ut frå lokale målsettingar og strategiar. I Vinje kommune er det:

- **Kulturlandskap:**Rydding og istandsetjing av gamle beiteområde og slåttemark, men også tiltak for å fremje tilgjenge i kulturlandskapet
- **Freda og verneverdige bygningar:**Til dømes istandsetjing av bygningar som har verdi som element i kulturlandskapet
- **Miljøtiltak:**Økologiske reinseanlegg eller fangdammar, tetting av gjødselkjellar og andre tiltak for å hindre forureining.
- **Investering i beitefelt:**Til dømes samlekkeveer og sperregjerder. Denne ordninga er nå skilt ut med eigen økonomisk ramme, der fylkesmannen nå avgjer søknadane.

Vinje disponerer kr 377 000,- i SMIL-midlar for 2011.Tilskotssatsen er inntil 30% av godkjent kostnadsoverslag. Søknadsskjema kan ein få på næringskontoret.

**Søknadsfrist for 2011 er sett til 15 juni – ev. 1 okt. om det er midlar att.**

## NÆRINGSORGANISASJONANE I LANDBRUKET I VINJE:

- Vinje Skogeigarlag: Øystein Høgetveit, leiar
- Vinje Bondelag: Nils Ole Lien, leiar
- Rauland og Vinje Bonde - og Småbrukarlag: Sigrid Fonnliid, leiar

**NB! Gå inn på heimesida til næringskontoret:**

[www.vinje.kommune.no](http://www.vinje.kommune.no)

**Klikk på ”næring og landbruk” eller ”natur og miljø”. Der finn du fullstendig regelverk til alle ordningane, og mykje anna aktuell informasjon .**

Til eigar/drivar av landbrukseigedom i Vinje

«Eigar»  
«Adresse»  
«Postnrstad»



*Vinje kommune*  
*Næringskontoret*

# LANDBRUKSINFO

## VÅREN 2011



*Vinje kommune, tlf.: 35 06 23 00*

[www.vinje.kommune.no](http://www.vinje.kommune.no)